



Asgeir Skurtveit  
SKURTVEITVEGEN 61  
5917 Rossland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2173 - 22/32140

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
27.04.2022

## **Innkalling til synfaring - mogeleg brot på forureiningslova - gbnr. 348/6**

**Tiltak:** Mogleg brot på forureiningslova  
**Stad:** Skurtveitvegen 61, Gbnr: 348/6  
**Grunneigar:** Asgeir Skurtveit

### **Orientering om synfaring på eigedomen 11.05.2022 klokka 13:00**

Kommunen er gjort merksam på mogleg, ulovleg oppbevaring av avfall på din eigendom med adresse Skurtveitvegen 61, gbnr. 348/6.

#### **Mynde:**

Kommunen har, i henhald til forureiningslova § 48, ansvar for å føre tilsyn med handtering av avfall. Kommunen vil difor undersøke om tilhøvet er i strid med forureiningslova § 7, eller i strid med forureiningslova § 28.

Vi planlegg å gjennomføre ei synfaring på eigedomen din den 11.05.22 klokka 13:00. I følgje forureiningslova § 50, som gjeld rett til gransking, skal kommunen ha uhindra adgang til eigedomen. Vi ber om at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi kan avklare saka nærare. Viss tidspunktet ikkje passer, ber vi om at du tar kontakt snarast for å avtale eit nytt tidspunkt.

Du har rett til å ha eit vitne på staden. Du har rett til innsyn i sakas dokument i henhald til forvaltningslova §§ 18 og 19.

#### **Kva forventar vi av deg før og under synfaringa?**

Vi ber om

- at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi saman kan avklare saka nærare
- at du ikkje dekkjer til fyllinga/området
- at forsøplinga i dette området blir stansa, og at du som grunneigar medverkar til dette

**Retten kommunen har til å komme på synfaring**

Kommunen har rett til å komme på synfaring uten å bli hindra, jf. forurensingsloven § 50.

**Har du spørsmål?**

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 462 99 440 eller på epost:

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

**Aktuelt regelverk:**

- Kommunen har forureiningsmynde etter forurensingslova § 48
- Plikt til å unngå forureining eller ulovleg oppbevaring av avfall følgjer av forurensingsloven §§ 7 og 28.
- Rett til gransking følgjer av forurensingsloven § 50.
- Rett til innsyn i saka følgjer av forvaltningsloven §§ 18 og 19.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Asgeir Skurtveit

SKURTVEITVEGEN 61

5917

Rosslund